

Notat – nr. 1/2020

Gro Anita Bårdseth og Randi Bergem

Interkommunalt samarbeid om kommunal folkehelseoversikt. Sluttrapport.

Forprosjekt i MobPro



Forfatter	Gro Anita Bårdseth og Randi Bergem
Ansvarleg utgjevar	Høgskulen i Volda
ISSN	1891-5973
Sats	Forfatter
Distribusjon	http://www.hivolda.no/

Interkommunalt samarbeid om kommunal folkehelseoversikt. Sluttrapport.

Forprosjekt i MobPro som er ein del av Forskingsrådet sitt program for forskingsbasert innovasjon i regionane (FORREGION).

© Forfatter/Høgskulen i Volda

Føresegnene i åndsverklova gjeld for materialet i denne publikasjonen. Materialet er publisert for at du skal kunne lese det på skjermen eller framstille eksemplar til privat bruk. Utan særskild avtale med forfatter/Høgskulen i Volda er all anna eksemplarframstilling og tilgjengeleggjering berre tillate så langt det har heimel i lov eller avtale med Kopinor, interesseorgan for rettshavarar til åndsverk.

Om notatserien

Ulike slag publikasjonar av mindre omfang, t.d. forprosjektnotat, papers, artikkelutkast o.a. Eit hovudføremål med serien er å stimulere til publisering og fagleg debatt i miljøet. Kvar forfatter er ansvarleg for sitt arbeid, og dekan skal vere orientert om utgjevinga på førehand. Manuset må vere gjennomarbeidd med omsyn til språk og struktur.

Innhald

Forord	4
Grunngjeving for prosjektet	5
Bakgrunn	5
Grunngjeving for prosjektet	5
Målsettingar og aktivitetar	5
Hovudmål og delmål.....	5
Problemstillingar	6
Aktivitetar i prosjektet og HVO si rolle	6
Gjennomføring av prosjektet	6
Samling 1 – Verktøy for datainnsamling med vekt på kvantitative data	6
Innhald i samlinga.....	6
Innspel frå gruppearbeid	7
Framdriftsplan	7
Samling 2 – Kvantitative og kvalitative data	8
Innhaldet i samlinga	8
Erfaringsutveksling om innsamling og dokumentasjon av kvalitative data	8
Samling 3 – Analyse og tolking av data	9
Innhaldet i samlinga	9
Felles nettbasert folkehelseoversikt	9
Status i kommunane sitt revisjonsarbeidet ved prosjektslutt	9
Erfaringar	10
Måloppnåing og resultat	11
Innovasjonar i prosjektet.....	11
Korleis ta prosjektet vidare?.....	12
Kjelder	12

Forord

Interkommunalt samarbeid om kommunal folkehelseoversikt er eit prosjekt der seks kommunar på Søre Sunnmøre har samarbeida om utarbeiding av folkehelseoversikter. Kommunane som har delteke er Hareid, Herøy, Ulstein, Vanylven, Volda og Ørsta. Prosjekteigar og vertskommune for prosjektet er Ørsta kommune ved folkehelsekoordinator Ingvild Endal. Høgskulen i Volda er samarbeidspart i prosjektet. Prosjektleder ved Høgskulen i Volda er dosent Randi Bergem, og høgskulelektor Gro Anita Bårdseth har hatt ansvaret for gjennomføringa av prosjektet. Prosjektet er gjennomført med stønad frå Regionalt Forskningsfond Midt Norge. Prosjektperioden er juni - desember 2019.

Denne sluttrapporten presenterer gjennomføringa av prosjektet, erfaringar ein har gjort seg, og resultat ein har oppnådd.

Takk til alle seks kommunane som har delteke, og særskilt vertskommunen Ørsta, for godt samarbeid. Takk til Møre og Romsdal fylkeskommune, Folkehelseinstituttet, og Interkommunalt prosjekt om digitalisering av helsestasjon og skulehelsetenesta på Søre Sunnmøre, for faglege innspel. Takk til Regionalt Forskningsfond Midt Norge som har støtta prosjektet økonomisk.

Volda, januar 2020

Gro Anita Bårdseth og Randi Bergem

Grunngjeving for prosjektet

Bakgrunn

Alle kommunar skal ha ei oversikt over helsetilstand og påverknadsfaktorar, omtala som kommunal folkehelseoversikt (jf. folkehelseloven § 5). Kommunal folkehelseoversikt er sentral i det systematiske folkehelsearbeidet, og skal vere utgangspunkt for planarbeid og tiltak i kommunar (jf.

folkehelseloven § 6). I løpet av hausten 2019 set mange kommunar i gang med revisjon av kommunale folkehelseoversikter, mellom anna som grunnlag for kommunale planstrategiar som skal vedtakast innan hausten 2020 (jf. plan- og bygningsloven § 10-1).

Kommunane Hareid¹, Herøy, Ulstein, Vanylven, Volda og Ørsta på Søre Sunnmøre inngjekk våren 2019 eit samarbeid om revisjon av kommunal folkehelseoversikt. Ideen bak prosjektet var at ein gjennom å samarbeide og dele informasjon om mellom anna innsamling og analyse av data kunne oppnå betre folkehelseoversikter i kvar einskild kommune.

Sjølve innovasjonsidéen i prosjektet er knytt til fire punkt. For det første handlar prosjektet om å bidra til at dei kommunale folkehelseoversiktene i større grad blir brukt som grunnlag for dagleg avgjerder med konsekvensar for folkehelsearbeidet, og for meir strategiske avgjerder og langsiktig planlegging av folkehelsearbeidet. For det andre kan prosjektet bidra til meir interkommunalt samarbeid om folkehelse generelt. For det tredje skal det bidra til meir kompetanse i kommunane når det gjeld å lage gode kunnskapsgrunnlag som grunnlag for planer og avgjerder i kommunane. Det siste og fjerde punktet handlar om at det er nytt at kommunar samarbeider om revisjon av kommunale folkehelseoversikter, og at dette skjer i nært samarbeid med eit UH-miljø.

Prosjektet er forankra i rådmannskollegiet på Søre Sunnmøre.

Grunngjeving for prosjektet

I forkant av prosjektet vart det, etter initiativ ved Høgskulen i Volda, gjennomført ei kartlegging av folkehelseoversikta i Ørsta kommune. Føremålet var å få oversikt over bruken av oversikta blant kommunalt tilsette og politikarar, og innspel til forbetringar i samband med revisjon av oversikta.

Kartlegginga viser at den kommunale folkehelseoversikta i liten grad blir brukt som grunnlag for daglege avgjerder med konsekvensar for folkehelsearbeidet, og for meir strategiske avgjerder og langsiktig planlegging der folkehelsearbeid inngår (Bårdseth, Bergem & Andenes, 2019). Kartlegginga gav med det ein god peikepinn på at samarbeidsprosjektet om revisjon av kommunal folkehelseoversikt burde vektlegge å gjennomføre ein prosess og utforme ei oversikt som i større grad enn i dag bidrog til at folkehelseoversiktene vert lagt til grunn i kommunal planlegging og daglege avgjerder.

Målsettingar og aktivitetar

Hovudmål og delmål

Hovudmålet med prosjektet er å bidra til at folkehelseoversiktene har eit innhald og ei form som gjer at oversiktene blir forstått og lagt til grunn for daglege avgjerder i kommunale tenester, og i strategiarbeid og overordna planlegging. Det er også eit mål med prosjektet at arbeidet (prosessen) med å lage oversiktene skal bidra til at folkehelseoversiktene blir forankra og får legitimitet.

¹ Hareid kommune var ikkje med frå starten i prosjektet, men slutta seg til i august 2019.

Delmåla i prosjektet er:

- Prosjektet skal skaffe kunnskap om korleis kommunar kan samarbeide om kommunal folkehelseoversikt
- Prosjektet skal bidra til kompetanseheving i kommunane når det gjeld; Korleis skaffe relevante data/informasjon om påverknadsfaktorar? Korleis analysere og vurdere informasjonen? Korleis kan kommunen på best mogleg måte formidle utfordringar og forslag til prioritering i den kommunale folkehelseoversikta? Det siste spørsmålet handlar mellom anna om kva form ei kommunal oversikt bør ha for at oversikta skal bli brukt av politikarar, planleggarar og fagtenester i kommunen
- Prosjektet skal vere eit utgangspunkt for eit hovudprosjekt, der vi vi undersøke om dei (reviderte) kommunale folkehelseoversiktene blir brukt i planar og avgjerder i kommunane.

Problemstillingar

For å svare på målsettingane i prosjektet vart det formulert følgjande problemstillingar:

- Korleis kan kommunane finne gode løysingar på kravet om løpande kommunale folkehelseoversikter?
- Korleis kan kommunar samarbeide om kommunal folkehelseoversikt?
- Korleis kan kommunar og UH-miljø samarbeide om kompetanseheving når det gjeld bruk av ulike former for statistikk, register og andre datakjelder, t.d. kvalitative data?
- Korleis utforme gode, kortfatta og poengterte kommunale folkehelseoversikter?

Aktivitetar i prosjektet og HVO si rolle

Prosjektet var planlagt med tre samlingar på forsommaren og hausten 2019, som tematisk låg nær opp til gangen i revisjonsarbeidet; Innsamling av data, tolking og analyse av data, og vurdering og prioritering av folkehelseutfordringar (jf. folkehelselova § 5), men også problemstillingane i prosjektet. Vidare var det lagt opp til at kommunane skulle arbeide med datainnsamling, analysearbeid m.m. mellom samlingane.

Med omsyn til den praktiske gjennomføringa nytta prosjektet SharePoint for deling av informasjon og Webex for kommunikasjon.

Høgskulen i Volda si rolle har vore å bidra med kompetanse om kvantitative og kvalitative data, planprosessar og prosessararbeid, samarbeid og nettverk mm. HVO har, i samarbeid med vertskommunen Ørsta, planlagt og fasilitert dei tre samlingane, gjennomført skriftlege oppsummeringar av samlingane, og skrive sluttrapporten.

Gjennomføring av prosjektet

Samling 1 – Verktøy for datainnsamling med vekt på kvantitative data

Samling 1 vart gjennomført som ei heildagssamling 11. juni 2019, på rådhuset i Ørsta. Dei som deltok var representantar frå deltakarkommunane, Høgskulen i Volda, Møre og Romsdal fylkeskommune og Folkehelseinstituttet, i alt 16 personar.

Innhald i samlinga

Samlinga var todelt. Før lunsj var det ein seminardel med foredrag av Trygve Grydeland, Møre og Romsdal fylkeskommune, Nora Rusås-Heyerdahl, Folkehelseinstituttet, og Randi Bergem, Høgskulen i Volda. Foredraga handla mellom anna om kunnskapskjelder, verktøy og metodar i arbeidet med

folkehelseoversikter, og aktuelle funksjonar og fagområde som bør involverast i revisjonsarbeidet. Føremålet var å gje deltakarane informasjon om og inspirasjon til revisjon av folkehelseoversiktene:

Etter lunsj arbeidde deltakarane i grupper. Føremålet her var å sjå på kva kommunane kan samarbeide om i revisjonsarbeidet og korleis eit slikt samarbeidet kan gå føre seg, og kva grep ein bør ta for å sikre at folkehelseoversiktene får auka legitimitet i strategisk arbeid og i daglege avgjerder i kommunane.

Innspel frå gruppearbeid

Med omsyn til kva ein kan samarbeide om og korleis ein kan samarbeide om revisjonsarbeidet, kom det slike framlegg:

- Utarbeide like tekstar der det er naturleg, som kan brukast av alle kommunane
- Fordeling av oppgåver mellom kommunar, slik at ikkje alle gjer alt
- Standardisering av spørsmål som gjelder kvalitativ datainnsamling og nytte likt utval av informantar i kommunane, så langt dette er mogleg og naturleg
- Det bør opprettast eit felles arbeidsområde der alle deltakarane har tilgang til alle dokument, t.d. Teams eller tilsvarande prosjektverktøy
- Oversikta bør vere nettbasert, då dette både gjer det lettare å bruke og oppdatere dokumentet. Nettbasert løysing kan (truleg) løyse kravet om løpande oversikt.

For å styrke legitimiteten til folkehelseoversiktene kom det framlegg om at oversiktene:

- Har ein tydeleg relevans for kvar av deltakarkommunane
- Nyttar eit språk som vert forstått, på tvers av fag- og ansvarsområde
- Er enkle, men med moglegheit til å gå i djupna
- I prosessen vil det vere viktig å gje munnlege orienteringar i relevante politiske utval, i tillegg til skriftlege saksframlegg. Likeins bør kommunane vere medvitne om å orientere om arbeidet på eigne heimesider, i leiarforum, planforum mm.
- Kommuneoverlegar si deltaking i arbeidet vil truleg bidra til å styrke legitimiteten

Framdriftsplan

Deltakarkommunane er samde om å samarbeide og fordele arbeidsoppgåver etter følgende plan:

Kvar kommune tek for seg eit utgreiingstema i folkehelseoversikta. Dei skriv ein tekst om temaet som kan nyttast av alle kommunane, og innhentar statistikk om dette for kvar av deltakarkommunane, slik:

- a) Befolkningsamansetting – **Vanylven k.**
- b) Oppvekst- og levekårsforhold – **Herøy k.**
- c) Fysisk, biologisk, kjemisk- og sosialt miljø, **Ørsta k.**
- d) Skade og ulykke – **Ørsta k.**
- e) Helse relatert åtferd – **Ulstein k.**
- f) Helsetilstand – **Volda k.**

Ansvarleg for arbeidet i kvar kommune er folkehelsekoordinator, men arbeidet bør skje i samarbeid med kommuneoverlege. Kjelder og metodikk vil vere [retteleiar](#) for arbeidet med oversikt over helsetilstand og påverknadsfaktorar, Folkehelseinstituttet sin kommunestatistikk, og statistikk frå Møre og Romsdal fylkeskommune.

Basert på innspel og drøftingar i samlinga, er det foreslått ein grovmaska framdriftsplan for prosjektet. I tråd med intensjonane for prosjektet, vil denne kunne justerast og detaljerast om behov.

Tidspunkt	Aktivitet	Ansvar	Deltakarar
2019			
Juni – september	Datainnsamling Innhenting av statistikk og kvantitative data	Folkehelsekoordinatorar og kommuneoverlegar	
September/ oktober	<i>Samling 2</i> Presentasjon av kvantitative data, og utarbeiding av plan for innsamling av kvalitative data	HVO	Folkehelsekoordinatorar Kommuneoverlegar Arbeidsgrupper
September – oktober	Datainnsamling Kvalitative data	Folkehelsekoordinatorar og kommuneoverlegar	Arbeidsgrupper
November	<i>Samling 3</i> Fokus på analyse og tolking av data, og presentasjon av folkehelseoversikta	HVO	Folkehelsekoordinatorar Kommuneoverlegar Arbeidsgrupper
Oktober – desember	Vurdere og analysere data og informasjon, utforming av revidert folkehelseoversikt	Folkehelsekoordinatorar og kommuneoverlegar	Arbeidsgrupper
2020			
Januar	Vedtak av revidert folkehelseoversikt	Kommunestyra	

Samling 2 – Kvantitative og kvalitative data

Samling 2 var i utgangspunktet planlagt som ei halvdagssamling 24. September 2019, men vart utvida med ei ny halvdagssamling 1. oktober 2019, fordi ein trong meir tid. Samling 2 gjekk såleis over to dagar, baa dagane på rådhuset i Ørsta. Dei som deltok var representantar frå deltakarkommunane og Høgskulen i Volda, i alt 15 personar.

Innhaldet i samlinga

Tema for samlinga var kvantitative og kvalitative data i folkehelseoversikta. På dag éin av samlinga presentere Ulrik Vik Nakken, frå Volda kommune, ei samanstilling av statistikk innhenta frå alle deltakarkommunane. Resultat frå samanstillinga vart drøfta i plenum, og ein hadde særleg fokus på behovet for å supplere og/eller presisere data som låg føre.

På dag to var temaet innsamling av kvalitative data. Gro Anita Bårdseth, Høgskulen i Volda, snakka om ulike metodar for innsamling av kvalitative data, og kva ein bør tenke på når ein førebur og gjennomfører slik datainnsamling. Ingvild Endal, Ørsta kommune, og Inger Lise Kaldhol, Ørsta og Volda kommunar, delte sine erfaringar med innsamling av kvalitative data i samband med gjeldande folkehelseoversikt.

Erfaringsutveksling om innsamling og dokumentasjon av kvalitative data

Deltakarane fekk også høyre nyttige erfaringar frå mellom anna Ørsta og Ulstein kommunar om innsamling av kvalitative data. Mellom tema som var oppe var fordelar og ulemper med å nytte reine faggrupper kontra tverrfaglege grupper; Faggrupper kan gje god djupneinformasjon, medan tverrfaglege grupper kan gje utvida og nyansert informasjon samt at deltakarane her kan lære av

kvarandre. Mange hadde også gode erfaringar med å invitere seg inn på faste (tverr)faglege møtearenaer. Dette er ein måte å redusere ressursbruken på for møtedeltakarane. Det vart foreslått at for dette prosjektet bør ein forsøke å nytte interkommunale møteplassar, slik som PPT, planforum, barnevern, nav mm.

Samling 3 – Analyse og tolking av data

Samling 3 vart gjennomført som ei heildagssamling 19. november 2019, på Hotell Ivar Aasen i Ørsta. Dei som deltok var representantar frå deltakarkommunane, prosjektleiar for interkommunalt prosjekt om digitalisering av helsestasjon og skulehelsetenesta på Søre Sunnmøre, og Høgskulen i Volda, i alt 19 personar.

Innhaldet i samlinga

Tema for samlinga var analyse og tolking av data som ligg til grunn for folkehelseoversiktene, og moglegheiter ved felles nettbasert folkehelseoversikt.

Delen om analyse og tolking av data tok føre seg korleis ein med utgangspunkt i ulike og varierte kjelder kan organisere, analysere og samanstille desse på ein måte som gir meining og som er truverdig. Gro Anita Bårdseth, Høgskulen i Volda, snakka om korleis dette kan gjerast i praksis og viste døme på tilsvarande analysearbeid. Deltakarkommunane hadde til samlinga tatt med materiale dei hadde samla inn så langt, og etter innlegget frå HVO fekk i dei i gruppearbeid høve til å arbeide med å analysere og tolke eigne data. Delen om nettbasert folkehelseoversikt starta med eit innlegg av prosjektleiar for interkommunalt prosjekt om digitalisering av helsestasjon og skulehelsetenesta på Søre Sunnmøre, Inge Pettersen. Han orienterte om tekniske løysingar, organisatorisk plassering og drift av [Helsestasjonsportalen for Søre Sunnmøre](#). Denne nettløysinga har stor overføringsverdi for Interkommunalt samarbeid om revisjon av folkehelseoversikter.

Felles nettbasert folkehelseoversikt

I samtalen med Inge Pettersen kom det fram at Helsestasjonsportalen har stor overføringsverdi til ei felles nettbasert folkehelseoversikt for kommunane på Søre Sunnmøre. Ein kan tenke seg ei tilsvarande oppbygging med ei felles startside der lik informasjon vert delt, t.d. presentasjon av dei fem temaområda forskrifta stiller krav om (Befolkningssamansetting, Oppvekst og levekårsforhold osv.) og kva som er hovudtrendar innanfor desse områda for heile Søre Sunnmøre. For å sjå kva som er unikt og særlege utfordringar i kvar einskild kommune, går ein vidare til kommunane sine heimesider.

Føremoner med felles nettbasert folkehelseoversikt kan m.a. vere:

- Lett tilgjengeleg og enkel å bruke for politikarar og administrativt tilsette, men også innbyggjarar
- Lett å få oversikt over folkehelsestanden i nabokommunar/regionen
- Enklare å oppdatere og halde data ajour
- Vil truleg støtte lovkravet om løpande folkehelseoversikt

Status i kommunane sitt revisjonsarbeidet ved prosjektslutt

Ved prosjektslutt, desember 2019, er statusen for revisjonsarbeidet i deltakarkommunane ulik. Dei fleste har avslutta datainnsamlinga, men nokre har framleis litt att. Ingen av kommunane har kome skikkeleg i gang med analysearbeidet, medan nokon er i startgropa. Nokre av kommunane har knytt til seg ein handfull personar til å bidra i analysearbeidet, medan andre kommunar har færre personar å spele på. Fleire av deltakarkommunane melder at det er vanskeleg å få innpass, og/eller at

nøkkelpersonar i organisasjonen har kort fartstid og dermed lite relevante som informantar. Alle kommunane melder at dei set pris på samarbeidet i den interkommunale gruppa og at dette gjer arbeidet lettare.

Alle kommunane melder at dei ikkje ser føre seg å avslutte samarbeidet med folkehelseoversiktene til årsskiftet, slik som intensjonen var ved oppstart av dette prosjektet. Alle ønskjer å halde fram samarbeidet og melder at det er behov for fleire samlingar.

Deltakarkommunane ønskjer ei felles nettbasert folkehelseoversikt etter tilsvarende mal som Helsestasjonsportalen for Søre Sunnmøre. Ein vart samde om først å avklare dette med rådmannsgruppa på Søre Sunnmøre, då det er dette fora som har gitt mandat til interkommunalt samarbeid om revisjon av folkehelseoversiktene på Søre Sunnmøre. Vidare må ein søke om prosjektmidlar, og avklare vidare samarbeid med Høgskulen i Volda.

Erfaringar

Mellom første og andre samling samarbeida kommunane om innsamling av kvantitative data. Fleirtalet av deltakarane synes dette var ein smart måte å jobbe på, fordi ein gjennom samarbeid finn løysingar saman og kan sjå data frå eigen kommune i samanheng med andre kommunar. Fleire strekar under at det å sjå statistikk frå eigen kommune i samanheng med nabokommunar gjorde ein merksam på at forskjellane mellom kommunane er små, samstundes som det vart lettare å sjå kvar kommunane skil seg frå kvarandre. Den systematiske gjennomgangen av statistikk frå heile 'folkehelsefeltet' gjorde at deltakarane reflekterte meir over kvantitative data og det gjorde tala meir forståelege. Nokre såg grunn til å stille nye spørsmål ved samanhengar ein ikkje hadde vore merksam på tidlegare. Det vart også trekt fram at ei lik grafisk framstilling av data gjorde det lettare å gjere desse samanlikningane.

Etter tredje samling er det gjennomført ei kort spørjeundersøking blant deltakarane i prosjektet, om deira erfaringar med interkommunalt samarbeid om kommunal folkehelseoversikt.

Ingen av deltakarkommunane hadde samarbeidd med andre kommunar i utarbeiding av folkehelseoversikter tidlegare. Om å samarbeide om ei slik oppgåva omtalar alle som positivt og som ein fordel i høve til å gjere kartleggingsarbeidet åleine. Mellom fordelane som er trekte fram er at det vert mindre arbeid på kvar kommune, og at ein får tilgang til alle kommunane sin status og kan samanlikne resultat på tvers av kommunar. Dette gjer det lettare å sjå samanhengar, utvikling og avvik når ein har noko å samanlikne med. I samarbeidet fekk ein tilgang til fleire fagprofesjonar og 'stemmer' som var med i drøfting og tolking av data. Prosjektet i seg sjølv bidrog til å styrke legitimiteten til folkehelseoversikta. Det vart også trekt fram at prosjektet gav struktur og framdrift i arbeidet kommunevis, og at ein lærer å kjenne kollegaer frå andre kommunar betre. Fleire peika også på at kunnskapsbasert samarbeidsprosjekt har overføringsverdi til anna planarbeid, der medverknad og analyse inngår. SharePoint og Webex var nytt for dei fleste, men dei fleste deltakarane opplevde desse verktøya som nyttige.

Ulemper med samarbeidet kan vere at færre bidreg frå den einskilde kommune og at oversikta kan ha lite forankring i ein brei administrasjon, og kanskje også politisk. Det vart også peika på at innsamling av kvantitative data kunne vore gjennomført etter ein fastare mal, noko som ville ha vore ressursparande.

Vidare vart det trekt fram at dialogen kring digital presentasjon burde vore skilt ut som eige arbeid (prosjekt), fordi dette er 'litt på sida' av sjølve folkehelsearbeidet. Men det vart opplevd som greitt å

bruke tid på dette, mellom anna fordi dette er relevant for mange typar prosjekt og utviklingsarbeid i kommunane.

Måloppnåing og resultat

Ingen av deltakarkommunane har sluttført revisjonsarbeidet med kommunale folkehelseoversikter ved prosjektslutt. Det er såleis for tidleg å seie noko om på kva måtar dei reviderte oversiktene vert nytta og lagt til grunn i kommunane sitt folkehelsearbeid og anna utviklingsarbeid.

Eit viktig erkjening prosjektet har kome fram til, er at ei felles nettbasert folkehelseoversikt vil møte det lokale ønsket om kortfatta og poengtert folkehelseoversikt, likeins kan dette vere ei løysing på kravet om løpande folkehelseoversikt, jf. folkehelseoven § 5. Ei nettbasert løysinga er ikkje utvikla eller testa ut i dette prosjektet. Dette må skje i eit eige utviklingsprosjekt

Prosjektet har gitt erfaringar med interkommunalt samarbeid om folkehelsearbeid generelt og revisjon av folkehelseoversikter spesielt. Områda ein har samarbeidd om i dette prosjektet er først og fremst kvantitativ datainnsamling, erfaringsutveksling og nettverksbygging.

Prosjektet har også gitt erfaringar med samarbeid mellom kommunar og UH-miljø, særleg i høve til kunnskapsbasert planlegging og FoU-arbeid, og kompetanseheving i høve til kvantitativ og kvalitativ datainnsamling og -analyse

Prosjektet har med dette gitt nyttig kunnskap og erfaringar om innhald og form til folkehelseoversiktene, og om korleis kommunar og UH-miljø og kan samarbeide om revisjonsarbeidet.

Innovasjonar i prosjektet

I høve til problemstillingane som var formulerte for å svare på sjølve innovasjonsideen i prosjektet, har ein fått slike resultat:

- Nettbaserte folkehelseoversikter er ei mogleg løysing på kravet om løpande kommunale folkehelseoversikter. Nettbaserte folkehelseoversikter vil også kunne svare ut behovet for kortfatta og poengterte oversikter.
- Nettverkssamlingar med sjølvstendig arbeid mellom samlingane er ein måte kommunar praktisk kan samarbeide om revisjon av folkehelseoversikter. Mellom fordelar som er trekte fram med denne arbeidsforma er mindre arbeid på den einskilde kommune, struktur og framdrift i arbeidet, og at ein gjennom tilgang til alle kommunar sin status og kan samanlikne resultat på tvers av kommunar. Dette gjer det lettare å sjå samanhengar og utvikling i innbyggjarane si folkehelse, som igjen bidreg til betre folkehelseoversikter. Nettverkssamlingane har dessutan overføringsverdi til andre kommunale utviklingsprosjekt.
- Samarbeidet mellom kommunar og UH-miljøet førte også til at nettverkssamlingane vart gode arenaer for kompetanseheving blant deltakarane, mellom anna gjennom inviterte gjesteforelesarar og bidrag frå Høgskulen i Volda, men ikkje minst gjennom erfaringsutveksling og dialog mellom kommunane.

Korleis ta prosjektet vidare?

Som det kjem fram av rapporten, har deltakarkommunane eit sterkt ønskje om å halde fram samarbeidet om revisjon av kommunale folkehelseoversikter fram til analysearbeidet er avslutta. Rapporten har også peike på behov for å utvikle ei nettbasert folkehelseoversikt.

Rådmannskollegiet på Søre Sunnmøre har gitt tilslutning til å vidareføre prosjektet i tråd med dette. Ein har fått tydelege signal om at også Sande kommune ønskjer å slutte seg til ei eventuell vidareføring av prosjektet. Med det vil alle sju kommunane på Søre Sunnmøre vere med.

Gjennom påvist behov for vidare arbeid og aksept frå deltakarkommunane om å halde fram, har prosjektet stort potensial for å verte tatt eit steg vidare i form av eit nytt prosjekt.

Ei hovudmålsetting med nytt prosjektet vil vere å finne løysingar for ei felles nettbasert folkehelseoversikt. Dette har potensial til å svare ut lovkravet om løpande kommunale folkehelseoversikter, jf. folkehelseloven § 5, og har med det nasjonal overføringsverdi. Nytt prosjekt vil innebere at ein søker nye forskingsmidlar. Med tilslutninga frå rådmannskollegiet er deltakarkommunane i posisjon til å søke midlar for å vidareføre prosjektet.

Kjelder

Bårdseth, G. A., Bergem, R., Andenes, E. 2019: *Kommunal folkehelseoversikt i Ørsta kommune. Kartlegging av status når det gjeld bruk av og oppfatningar om folkehelseoversikta*. Notat nr. 1/2019. Høgskulen i Volda.

Folkehelseloven (2011). Lov om folkehelsearbeid. (LOV-2017-03-03-8). Henta frå <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2011-06-24-29>

Plan- og bygningsloven (2008). Lov om planlegging og byggesaksbehandling. (LOV-2008-06-27-71). Henta frå <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2008-06-27-71?q=plan%20og%20byggningsloven>